



---

**Utval:** Eidfjord Fjellstyre  
**Møtestad:** Kommunehuset  
**Møtedato:** 21.05.2008  
**Tidspunkt:** 18:00 - 21.00      **Saksnr:** 018/08 – 024/08

---

---

**Følgjande medlemer møtte ikkje:**

Hildegunn Espe

---

**Følgjande varamedlemer møtte:**

Ingen

---

**Følgjande frå administrasjonen møtte:**

Sekretær Gunnar Elnan

---

**Merknader til innkalling:**

Ingen merknader.

**Orienteringar:**

frå hyttestyre:

- Liste frå HF over utført arbeid m/hyttene
- Sett ekstra på Stigstuv om ombygging for å få tilkomst via ei dør og innreie labratoriedelen med soverom. Elles oppgradering innvendig og for uthuset. Kostnadsrekna til ca kr 170.000.- arbeid + material. Kjem attende med sak til neste møte.

**Prisar på hytteovernatting og betaling:**

- Ikkje ynskjeleg at "hundespann" brukar hyttene.

Sak til neste møte om betaling, satsar og bruk.

**Villmarkshelg og tiltak for unge:**

- Hadde møte på Natursenteret og konkluderte med at det var for seint å organisera

Villmarkshelg i år.

- Fiskedag i Bjoreio til hausten vert gjennomført.

**Underskrifter:**

Eg stadfestar med mi underskrift at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Eidfjord, 22.05.08

Lars Kristian Eidnes

## **SAKLISTE**

<b>Sak nr.</b>	<b>Saktittel</b>
018/08	Festevilkår til trehytte ved Viersla/Turreide, festnr. 19/48 - uttale
019/08	Søknad om beiterett for nytt medlem i Halne Beitelag på Eidfjord statsallmenning sitt område
020/08	Tilskot til å styrka lokalt næringsliv og ålmennyttige føremål i bygda
021/08	Evaluering av garnfiskereglane
022/08	Garnfiskerett til turishytter i statsallmenninga
023/08	Samjakt 2008
024/08	Tildeling villreinjakt hausten 2008

## **018/08: Festevilkår til trehytte ved Viersla/Turreide, festenr. 19/48 - uttale**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret opprettheld si uttale frå sak 030/06.

**21.05.2008** Eidfjord Fjellstyre

### **Handsaming:**

Det vart sett fram slikt framlegg til vedtak:

Fjellstyret ynskjer å overta hytta frå 2012. Leiar og sekretær tek møte med Statskog for å formulera ein uttale.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

### **EFS-018/08 Vedtak:**

Fjellstyret ynskjer å overta hytta frå 2012. Leiar og sekretær tek møte med Statskog for å formulera ein uttale.

## **019/08: Søknad om beiterett for nytt medlem i Halne Beitelag på Eidfjord statsallmenning sitt område**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret meiner det prinsipielt er galt å gjera fleire beitebrukarar utan bruksrett avhengig av beite i Eidfjord statsallmenning.

**21.05.2008** Eidfjord Fjellstyre

### **Handsaming:**

Det var sett fram slikt framlegg med tillegg til vedtak:

Fjellstyret opprettheld vedtak i sak 016/08.

Røysting:

Samrøystes vedteke m/ending.

### **EFS-019/08 Vedtak:**

Fjellstyret meiner det prinsipielt er galt å gjera fleire beitebrukarar utan bruksrett avhengig av beite i Eidfjord statsallmenning.

Fjellstyret opprettheld vedtak i sak 016/08.

## **020/08: Tilskot til å styrka lokalt næringsliv og ålmennyttige føremål i bygda**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Eidfjord fjellstyre yt følgjande tilskot til ålmennyttige føremål:

1. Indre Hardanger Sikringsradiolag får kr 8 000,- i driftstilskot for 2008. Fjellstyret føreset at for å delta med driftstilskot for seinare år at det vert eit spleiselag med fleire aktørar.
2. Skigruppa i Eidfjord idrettslag får eit tilskot på kr 8 000,- til forprosjekt til lysløype på Høl. Det er ein føresetnad for tilskotet at lysløypa vert godkjent som tiltak i kommuneplanen.

#### **21.05.2008 Eidfjord Fjellstyre**

##### **Handsaming:**

Vidar Riber sette fram slikt framlegg til endring i vedtak:

Eidfjord fjellstyre yt følgjande tilskot til ålmennyttige føremål:

1. Indre Hardanger Sikringsradiolag får *årleg* kr 8 000,- i driftstilskot for *perioden* 2008 - 2011.

Røysting:

Samrøystes for framlegget frå Vidar Riber, pkt. 1

Pkt. 2 samrøystes vedteke.

##### **EFS-020/08 Vedtak:**

Eidfjord fjellstyre yt følgjande tilskot til ålmennyttige føremål:

1. Indre Hardanger Sikringsradiolag får årleg kr 8 000,- i driftstilskot for perioden 2008 - 2011.
2. Skigruppa i Eidfjord idrettslag får eit tilskot på kr 8 000,- til forprosjekt til lysløype på Høl. Det er ein føresetnad for tilskotet at lysløypa vert godkjent som tiltak i kommuneplanen.

#### **021/08: Evaluering av garnfiskereglane**

##### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Talet garndøgn for tjørn og vatn sør for Nordmannslågen vert auka med 50%.

Det vert ikkje gjort endringar i garnfiskereglane.

#### **21.05.2008 Eidfjord Fjellstyre**

##### **Handsaming:**

Anders Vaksdal sette fram slikt framlegg til vedtak:

Garnfiske slutt 5. september, 4 mtr. djupe garn

Vidar Riber sette fram slikt framlegg til vedtak:

Garnfiske slutt 10.september

Som eit kompromiss vart sett 7. september som sluttdato.

Røysting:

Røysting på garndjupn: 2 røysta mot og 4 for.

Røysting prøveordning for sluttdato garnfiske – samrøystes.

### **EFS-021/08 Vedtak:**

Talet garndøgn for tjørn og vatn sør for Nordmannslågen vert auka med 50%.

Som ei prøveordning for 2008 vert garnfiske slutt 7. september.

Før vedtaket er gyldig må det stadfestast i vilt- og innlandsfiskeremnda.

## **022/08: Garnfiskerett til turisthytter i statsallmenninga**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret opnar for at utanbygds drivarar av turisthytter i statsallmenningen kan disponera inn til 1 garnfiskekort for fiske til bruk i samband med turisthyttedrifta. Det skal søkjast i kvart enkelt tilfelle og det kan knytast vilkår til løyve.

**21.05.2008 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Vidar Riber sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fjellstyret gjev Besso Turisthytte v/Sylfest Laingen rett til eitt garnfiskekort i Normannslågen.

Fiskeretten er knytt til drifta av turisthytta og gjeld for perioden 2008-2011.

Andre må søkja fjellstyret om garnfiskekort i kvart enkelt tilfelle, og det kan knytast vilkår til løyve.

Røysting:

Samrøystes vedteke.

### **EFS-022/08 Vedtak:**

Fjellstyret gjev Besso Turisthytte v/Sylfest Laingen rett til eitt garnfiskekort i Normannslågen.

Fiskeretten er knytt til drifta av turisthytta og gjeld for perioden 2008-2011.

Andre må søkja fjellstyret om garnfiskekort i kvart enkelt tilfelle, og det kan knytast vilkår til løyve.

## **023/08: Samjakt 2008**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

Fjellstyret gjev følgjande tilbod om samjakt:

1. På Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen er berre fellingsløyve stempla Ha-283 og jegerar med passersetel (10 jegerar frå Ullensvang) tillete brukt.
2. Dersom privatvald i Eidfjord ynskjer fellingsløyva skal kunna brukast på statsallmenningen nord for Nordmannslågenvassdraget;
  - a. Vert det for valdet å overføra 25% av fellingskvota til fjellstyret som kompensasjon.
  - b. Vert det å tildela fellingsløyve på kalv saman med fellingsløyve for vaksne dyr.

- c. Vert det for fjellstyret å kompensera økonomisk tilsvarande innanbygds pris pr fellingsløyve for fellingsløyve overført til fjellstyret.
- d. Vert jaktlag berre gjeldande for fellingsløyve stempla Ha 283 på statsallmenningen.
3. Det vert ikkje gjeve tilbod om samjakt med jegerar frå Ulvik sidan desse får tilbod frå Øvre Numedal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre.
4. Av omsyn til jegerane vert det stilt som vilkår at i samjaktområdet vert det lik jakttid.

Det vert å ta kontakt med Øvre Numedal fjellstyre om ei avgrensa samjaktordning sør for Bjornesfjorden/Lågen aust til Langebuåni. Dette skal vera ordning avgrensa til jegerar med ålmenningsrett.

## **21.05.2008 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Røysting:  
Samrøystes vedteke

### **EFS-023/08 Vedtak:**

Fjellstyret gjev følgjande tilbod om samjakt:

1. På Eidfjord statsallmenning sør for Nordmannslågen er berre fellingsløyve stempla Ha-283 og jegerar med passersetel (10 jegerar frå Ullensvang) tillete brukt.
2. Dersom privatvald i Eidfjord ynskjer fellingsløyva skal kunna brukast på statsallmenningen nord for Nordmannslågenvassdraget;
  - e. Vert det for valdet å overføra 25% av fellingskvota til fjellstyret som kompensasjon.
  - f. Vert det å tildela fellingsløyve på kalv saman med fellingsløyve for vaksne dyr.
  - g. Vert det for fjellstyret å kompensera økonomisk tilsvarande innanbygds pris pr fellingsløyve for fellingsløyve overført til fjellstyret.
  - h. Vert jaktlag berre gjeldande for fellingsløyve stempla Ha 283 på statsallmenningen.
3. Det vert ikkje gjeve tilbod om samjakt med jegerar frå Ulvik sidan desse får tilbod frå Øvre Numedal fjellstyre og Ullensvang fjellstyre.
4. Av omsyn til jegerane vert det stilt som vilkår at i samjaktområdet vert det lik jakttid.

Det vert å ta kontakt med Øvre Numedal fjellstyre om ei avgrensa samjaktordning sør for Bjornesfjorden/Lågen aust til Langebuåni. Dette skal vera ordning avgrensa til jegerar med ålmenningsrett.

## **024/08: Tildeling villreinjakt hausten 2008**

### **Sakshandsamar sitt framlegg til vedtak:**

1. Tildelinga av fellingsløyve vert gjort etter alt. 1 og med loddtrekking i rekkjefølgje slik det står i utgreiinga. Det vert teken omsyn til fyrstegangsjeiger under 18 år med tilsynsjeiger.

2. Søkjarar som er utflytt ungdom frå Eidfjord under 30 år, vert sett øvst på utanbygds søkjarlista.
3. Jakttida vert frå og med 23.08 til og med 21.09, og med nattefreding mellom kl 19.00 og 07.00.
4. Det vert høve til å danna jaktlag med inntil 3 medlemmer, dette gjeld berre for jegerar med fellingsløyve tildelt frå fjellstyret og som kan dokumentera godkjent jegeravgiftskort med skyteprøve.
5. Fellingsløyve kan overførast. Overføringa skal godkjennast av fjellstyret og skjer ubroten til varamannslista. Innleverte fellingsløyve vert refundert etter forholdet dagar att av jakta/total jakttid, minus eit ekspedisjonsgebyr på kr 100,-
6. Bladet Villreinen vert tildelt kvar innanbygdsjeger.

## **21.05.2008 Eidfjord Fjellstyre**

### **Handsaming:**

Det vart sett fram slikt framlegg til endring vedtak:

Pkt 2: .. til og med 30 år...

Røysting:

Samrøystes vedteke med endring.

### **EFS-024/08 Vedtak:**

1. Tildelinga av fellingsløyve vert gjort etter alt. 1 og med loddtrekking i rekkjefølgje slik det står i utgreiinga. Det vert teken omsyn til fyrstegangsjeger under 18 år med tilsynsjeger.
2. Søkjarar som er utflytt ungdom frå Eidfjord til og med 30 år, vert sett øvst på utanbygds søkjarlista.
3. Jakttida vert frå og med 23.08 til og med 21.09, og med nattefreding mellom kl 19.00 og 07.00.
4. Det vert høve til å danna jaktlag med inntil 3 medlemmer, dette gjeld berre for jegerar med fellingsløyve tildelt frå fjellstyret og som kan dokumentera godkjent jegeravgiftskort med skyteprøve.
5. Fellingsløyve kan overførast. Overføringa skal godkjennast av fjellstyret og skjer ubroten til varamannslista. Innleverte fellingsløyve vert refundert etter forholdet dagar att av jakta/total jakttid, minus eit ekspedisjonsgebyr på kr 100,-
6. Bladet Villreinen vert tildelt kvar innanbygdsjeger.

